



Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 27.08.2014  
Vår ref.: 2014/16565-3  
Saksbehandlar: nilgrud  
Dykkar ref.:2014/030417

## Melding om vedtak i klagenemnda: Klage på avslag om graveløyve i Fv 264, Vetrilidsallmenningen, for reparasjon av brot på avløpsleidning

Vi viser til dykkar oversending av 13.05.2014 med klage på avslag om søknad om graveløyve i Fv 264, Vetrilidsallmenningen, for reparasjon av brot på avløpsleidning.

Klagenemnda handsama saka i møte 26.08.2014 som sak 30/14.

### Saksprotokoll i Klagenemnda – 26.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Klagenemnda gir løyve til at Metodistkirken i Norge/Centralkirken i Bergen får sette i gang med graving i Vetrilidsallmenningen for å reparere brot på spillvassleidning. Løyve til graving vert gjeve under føresetnad at Graving finn stad innanfor 4 veker og oppstart i oktober 2014, i ein periode då det ikkje er gjeve løyve til stenging av trafikken over Bryggen. Før graving vert iverksett må alle løyver frå Riksantikvaren vere på plass. Vidare må avtale om tidspunkt for gravestart vere innhenta av Statens vegvesen.

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen si saksutgreiing til klagenemnda i sak 30/14

Vi ber om at de underrettar parten / klagaren om klagenemnda sitt vedtak. Klagenemnda sitt vedtak vert og sendt pr. e-post til sakshandsamar, Espen B. Haugen, i Bergen Eiendomsforvaltning AS og sakshandsamar, Hanne Meterte R. Moldung, hos Riksantikvaren distriktskontor Vest.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*